



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

11/5713-

19. desember 2023

## Rundskriv A-3/2023 Statlege rettleiande retningslinjer for økonomisk stønad for 2024

Sosial- og helsedepartementet gav 13. februar 2001 rettleiande retningslinjer for utmåling av stønad til livsopphald etter sosialtenestelova. I rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet ([Hovednummer 35 – 2012](#)) blir det gjort greie for alle vilkåra i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, også dei som gjeld økonomisk stønad.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar om økonomisk stønad etter sosialtenestelova. Den blei publisert 16. desember 2022 og kan lesast her: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/samarbeid/for-kommunen/ny-veileder-om-okonomisk-stonad-etter-sosialtjenesteloven>.

Dei rettleiande retningslinjene for økonomisk stønad til livsopphold er justert årleg sidan 2006.

Satsane i dei rettleiande retningslinjene blir justerte med 3,8 pst. frå 1. januar 2024 i tråd med anslaget for vekst i konsumprisane i Nasjonalbudsjettet for 2024.

Dei rettleiande retningslinjene er fastsette med følgjande satsar per måned fra 1. januar 2024 (satsar gjeldande frå 1. juli 2023 i parentes):

Einslege	kr 7 850	(kr 7 550)
Ektepar/sambuarar	kr 13 100	(kr 12 600)
Person i bufellesskap	kr 6 600	(kr 6 350)
Barn 0-5 år	kr 3 850	(kr 3 700)

Postadresse  
Postboks 8019 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@aid.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 64  
www.aid.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
983 887 457

Avdeling  
Velferdspolitisk  
avdeling

Saksbehandlar  
Nicolai Beck  
22 24 87 86

Barn 6-10 år	kr 3 950	(kr 3 800)
Barn 11-17 år	kr 5 150	(kr 4 950)

Frå 1. september 2022 skal det ikkje takast omsyn til barnetrygd ved vurdering av søknad om stønad til barnefamiljar, jf. sosialtenestelova § 18 tredje ledd.

Dei rettleiande retningslinjene omfattar utgifter til heilt grunnleggjande behov, som mat, klede, kommunikasjon, hushaldsartiklar og hygiene med meir, og tek vidare omsyn til andre sider av dagliglivet, som fritid og sosiale behov. Utgifter til andre nødvendige ting, som bustad, straum og oppvarming, bolig- og innbuforsikring og innbu og utstyr inngår i livsopphaldet, men er ikkje inkludert ved fastsetjing av dei rettleiande retningslinjene, då dette er utgifter som varierer mykje.

Sjå rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, Hovednummer 35 – 2012 punkt 4.18.

Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga er ein ytelse som blir fastsett ut fra skjøn, jf. lova § 18 første ledd. Dei kommunale sosiale tenestene i NAV-kontoret har både rett og plikt til å utøve skjøn når dei vurderer om det skal ytast stønad, og ved utmåling av stønaden. Satsane i dei rettleiande retningslinjene må derfor reknast som eit rettleiande utgangspunkt for det skjønnet som skal utøvast. I rettleiaren for NAV som ble publisert 16. desember 2022 er det også understreka at satsane berre er rettleiande for utmåling av stønaden, og at dei ikkje kan erstatte individuelle vurderingar. Dersom stønadsbeløpet til arbeidsfør mottaker er på nivå med, eller over, kva mottakaren kan forventast å få gjennom arbeid, må det vidare gjerast ei særskild vurdering av nivået og krav til aktivitet. Det blir vist til rundskriv, Hovednummer 35 – 2012 punkt 4.18.1.5 om forholdet mellom individuell behovsprøving, kommunale normer og statlege rettleiande retningslinjer.

Med helsing

Ulf Pedersen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Vibeke Trålim  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi  
Arbeids- og velferdsdirektoratet

## Adresseliste

### Landets kommuner

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvalteren i Agder	Postboks 504	4804	ARENDAL
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	BODØ
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Postboks 325	1502	MOSS
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	Postboks 700	9815	VADSØ
Statsforvalteren i Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG